



# HERØY KOMMUNE

## Assisterande rådmann

### SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2007/15
		Arkiv:	026

Utvaksnsnr	Utval	Møtedato
	Formannskapet Kommunestyret	

#### KVALITETSKOMMUNEPROGRAMMET. STATUS PR 01.01.09

##### Tilråding:

Saka vert tatt til vitande.

##### Særutskrift:

Rådmannen si leiargruppe  
Hovudtillitsvalde

## **Saksopplysningar:**

Herøy kommune har i K-sak 22/07 vedteke å søkje om å verte teken opp som deltakar i Kvalitetskommuneprogrammet. Kommunen vart i brev av 29.03.07 meddelt at vi var tatt opp i første pulje i programmet som ein av 29 kommunar.

Det er lagt vekt på at Kvalitetskommuneprogrammet skal vere eit trepartssamarbeid mellom folkevalde, administrasjon og tillitsvalde. Tillitsvalde og administrasjon er representerte i dei ulike prosjektgruppene. Dei folkevalde skal godkjenne planane for prosjektet og verte løpende orienterte om status og framdrift i dei ulike prosjekta gjennom tertialrapporteringa. Kommunestyret skal godkjenne sluttrapportar frå alle delprosjekt. Arbeidsmiljøutvalet vil også verte løpende orientert om status i programmet, særleg når det gjeld prosjekt 12 Nærvarersprosjektet.

Kommune: Herøy (1515)	
Prosjektplan: Kvalitetskommuneprogrammet	
Planlagt startdato: 01.01.07	Planlagt slutt dato: 31.12.09
Oppdragsgjevar: Herøy kommunestyre	
Oppdragstakar: Rådmannen i Herøy	

## **Styringsgruppe:**

	Tittel	Namn	Avdeling/fagforeining
Leiar	rådmann	Rune Sjurgard	
Prosjektleiar/sekretær	ass. rådmann	Olaus-Jon Kopperstad	
Deltakarar	leiar	Ragnhild Velsvik Berge	Pleie- og omsorg
	leiar	Roger Kvalsik	Helse
	leiar	Sølvi Lillebø Remøy	Skule
	tillitsvald	Ada Fjørtoft Kleppe	Fag forbundet
	hovudvernomb.	Per-Svenning Leine	
	politikar	Ole Brubakk	
	politikar	Idar Tarberg	
	politikar	Reidun Myrvågnes	

Herøy kommune har definert følgjande delprosjekt inn i programmet:

### **1. NAV (Ny Arbeids- og Velferdsetat)**

Prosjektet er tatt ut frå rapporteringslista.

### **2. Koordinering av tenester til personar med psykisk utviklingshemming**

#### **Mål:**

"Koordinerte tenester og samhandling internt..."

#### **Mandat**

Evt vidare kartlegging av sterke og svake sider med dagens organisering av tenestene overfor psykisk utviklingshemma og kome med innstilling til organisering av desse tenestene (dagtilbod, teneste i bustad, fritidstilbod m.v.)

#### **Status:**

Arbeidsgruppa har lagt fram rapport med innstilling. Innstillinga vart vedteka i kommunestyret i K-sak 19/08. Det er oppretta ei stilling som leiar for ny avdeling for utviklingshemma, stillinga er utlyst og det er gjort tilsetting. Renathe Rossi-Kaldhol tok til i stillinga 1. september. Prosjektet er dermed avslutta.

### **3. Koordinering av tenester til barn og unge**

#### **Mål:**

"Koordinerte tenester og samhandling internt..."

#### **Mandat**

Kartleggje sterke og svake sider med dagens organisering av tenestene overfor barn og unge med særskilde behov. Utgreie og kome med innstilling til organisering av barnevern, PPT, førebyggjande helsearbeid i høve barn og unge/familie, PU og vaksenopplæring.

Arbeidsgruppa har avgitt innstilling i januar 2008. Rapporten har vore til uttale i arbeidstakarorganisasjonane og var opp i stryringsgruppa i juni. Det vert gjennomført ein intern avklaringsprosess før saka vert lagt fram for politisk handsaming.

### **4. Koordinering av psykiatriske tenester**

#### **Mål:**

"Koordinerte tenester og samhandling internt..."

#### **Mandat**

Kartleggje utfordringar innan desse tenesteområda og kome med framlegg til framtidig organisering og samarbeidsprosedyrer i høve kommunale og statlege samarbeidspartar

#### **Status:**

Arbeidsgruppa har avgitt innstilling i januar 2008. Rapporten vart lagt fram for politisk behandling i mai 2008. Prosjektet er avslutta.

### **5. Organisering av Vaksenopplæringa**

#### **Mål:**

"Koordinerte tenester og samhandling internt..."

#### **Mandat**

Vurdere organiseringa av vaksenopplæringa og kome med framlegg til framtidig organisering frå 1. august 2007. Alternativ med interkommunalt samarbeid skal vurderast.

#### **Status:**

Arbeidsgruppa har lagt fram rapport med innstilling. Rapporten vart lagt fram for politisk behandling i mai 2008. Prosjektet er avslutta.

## **6. Kunnskapsløftet**

Innanfor undervisningssektoren har kommunestyret vedteke ein plan for Kunnskapsløftet i K-sak 61/05, Prosjekt skuleadministrasjon i K-sak 71/06 og Kompetanseplan i K-sak 138/06.

### **Mål:**

Auke lærarane og elevane sin kunnskap og kompetanse.

### **Mandat:**

- Utvikle lokale læreplanar.
- Fornye lærebökene
- Kompetanseheving lærarar og rektorar

### **Status:**

Vi vurderer skulereforma Kunnskapsløftet som innført, og dermed ikkje lenger eit prosjekt. Det vidare arbeidet vil ha form som ordinær drift, gjennom kompetanse- og kvalitetsutvikling i skulen.

Målemetodane som er nytta så langt, viser at læringsutbytte er godt (Nasjonale prøver) og at trivselen er høg (Elevundersøkinga). Det er i tillegg fleire andre undersøkingar i skulane sin eigen regi som peikar i same retning.

Det er utarbeidd Plan for kompetansetutvikling, der fleire tiltak er sette i gang. Det er like eins utarbeidd prosedyrer for oppfølgjing av målingar/ resultat i basisfaga, for å sikre ei positiv utvikling ved alle skulane.

Ein politisk komité er elles sett i arbeid for å utgreie og setje standardar for kvalitet og ressursar i skulen.

## **7. Samhandlingsprosjektet**

Pleie – og omsorgsleiarnettverket på Søre Sunnmøre har gått saman med leiarar i helseforetaket for å utvikle gode samhandlingsrutiner, og arbeide for felles fagutvikling. Prosjektet har ei tidsramme på 2006 – 2008. Prosjektet er finansiert ved hjelp av skjønstilskot frå fylkesmannen.

### **Mål:**

Etablere tverrfaglege og interkommunale arbeidsgrupper som arbeider med følgjande prosjekt:

1. Betre kommunikasjon/pasientflyt
2. Felles omdømmebygging – Korleis styrke kjennskapen til kvarandre?
3. Kompetanseheving

### **Organisering**

Det er oppretta ei styringsgruppe samansett av pleie- og omsorgsleiatarane eller tilsvarande stillingar i kommunane i dei 7 kommunane i regionen og 3 avdelingssjefar i helseforetaket.

I dei tre prosjektgruppene er med deltararar frå kommunane og helseforetaket.

### **Milepælsplan**

Frist for innlevering av prosjekt: 15.06.07, handlingsplan 03.10 med tiltak: 03.10, gjennomføring innan utgangen av 2008.

## Måling/indikatorar

Indikator: Under vurdering i styringsgruppa

Målemetode: Under vurdering i styringsgruppa

### Status:

Tverrfaglege og interkommunale arbeidsgrupper har arbeidd med tema som fremjer samhandling innanfor områda

- o Betre kommunikasjon/ pasientflyt
- o Felles omdømmebygging - Korleis styrke kjennskap til kvarandre?
- o Kompetanseheving

Konkrete sjekklistar er utarbeidde for å lette pasientflyten, men dette arbeidet er berre i startgropa då det er eit omfattande område.

Som eit konkret tiltak for betre kjennskap og felles omdømmebygging er det gjennomført samhandlingskonferanse for alle leiatar på topp – og mellomleiarnivå for institusjons – og heimeteneste i kommunene og dei somatiske sengepostane på sjukehusa. Ny konferanse vert gjennomført i april 2009, og det er ei målsetting å ha ei årleg konferanse med samling rundt felles tema.

Kommunene får no invitasjon til å delta på faglege kurs i Helseforetaket, og HF skal få tilbod om kommunale kurs der det er naturleg. Det er regelmessige møter på leiarnivå.

Det er utarbeidd felles prosedyre for hospitering, og første hospitantane har vore både i kommuner og Helseforetak.

## 8. Gevinstrealiseringssprosjektet

Pleie og omsorg har fått prosjektmidlar frå Helse- og omsorgsdirektoratet til eit gevinstrealiseringssprosjekt med fokus på evaluering av overgang til IKT-verktøy i kommunane Herøy og Ørsta. Det er sentralt i prosjektet å utvikle ein modell for gevinstrealisering som har overføringsverdi til andre arbeidsprosessar.

Herøy og Ørsta kommune har inngått eit samarbeid med høgskulen i Agder for å dokumentere effektiviseringsgevisten. Vi har fått tilskotsmidlar frå Samspel 2006, som dekker utgiftene til høgskulen og konsulenttenster. Gjennom Samspel-prosjektet er vi ein del av eit kommunalt nettverk i regi av departementet. Basert på første prosjektrapport var vi av dei prosjekta som fekk vidareføring av tilskotsmidlar.

### Mål:

Fagprogram for pleie- og omsorg skal kvalitetsforbetre og effektivisere dokumentasjon, sakshandsaming og systemtenester ved

- sikker registrering og dokumentasjon
- kvalitetssikring av tenesteyting

- rapportering på tiltak i samsvar med tiltaksplanar
- samhandling av tenester
- korrekt vederlagsberegning og fakturering

Fagprogram for pleie- og omsorg skal ivareta statlege , kommunale og administrative krav til styringsdata / korrekt registrering, dokumentasjon og rapportering av tenesteyting; jfr. IPLOS.

Fagprogram for pleie- og omsorg skal gi ein kostnadseffektivisering av tenestene.

- Ein skal nå punktet for gevinstrealiseringa (break even) innan 36 mnd.
- Ny teknologi skal føre til nye arbeidsmåtar.

#### **Mandat:**

Evaluere gevisten av overgang til fagprogrammet Gerica i kommunane Herøy og Ørsta og utvikle ein modell for gevinstrealisering som har overføringsverdi til andre arbeidsprosesser

#### **Styringsgruppe:**

	Tittel	Namn	Avdeling/ fagforeining
Leiar	høgskulelektor	Willy Dertz	Høgskulen i Agder
Sekretær	konsulent	Jan-Erik Gullheim	Servicefarm
Deltakarar	PO-leiar	Ragnhild Velsvik Berge	Herøy
	Helse- og sosialsjef	Odd-Ivar Øvregård	Ørsta
	Prosjektleiar	Leidulv Grimstad	Herøy
	Prosjektleiar	Oddvar Marøy	Ørsta
	tillitsvald	Mette Køvjan Ringstad	Sjukepleie forb. Herøy
	tillitsvald	Hild Våge	Fagforbundet Ørsta

#### **Prosjektgruppe i Herøy**

	Tittel	Namn	Avdeling/ fagforeining
Leiar	PO-leiar	Ragnhild Velsvik Berge	Herøy
Sekretær	Prosjektleiar	Leidulv Grimstad	Herøy
Deltakarar	tillitsvald	Mette Køvjan Ringstad	Herøy

#### **Milepælsplan:**

Prosjektet var planlagt ferdig innan 2007, men er søkt forlenga.

#### **Måling/indikatorar**

Indikator: tidsbruk, rekneskap, sjukefråvær, avvik

Målemetode: Tidsestimat, tidsstudie (Fryd, eige skjema), rekneskap, skalamåling, telle avvik, sjukefråværstatistikk.

#### **Status:**

Det er gjennomført studietur til Danmark. Vi har kartlagt arbeidsoppgåver med anslagsvis tidsforbruk før innføring av fagprogram, og vi har gjennomført tidsstudie med KS sitt IKT-verktøy FRYD i dei tre heimesjukepleiedistrikta. I tillegg er det

gjennomført tidsstudie innanfor enkelte avgrensa arbeidsområde som er nært knytta til overgang til IKT-verktøy. Resultatet av målingane vert samanlikna med eit talgrunnlag frå før oppstart, og ikkje minst i forhold til ei kontrollmåling hausten 2008 etter innføring av PDA. Prosjektet var planlagt ferdig innan 2007. Ørsta kommune har ligge etter når det gjeld målingane og prosjektet vart forlenga til årsskiftet 2008/2009. Rapporten er under skriving og denne vert presentert på eit avslutningsseminar 18.mars 2009.

## **9. Kommunale tenester på nett**

Kommunen er med på KS-prosjektet Kommunale tenester på nett. Dette prosjektet har som føremål å utvikle elektroniske søknadsskjema for innbyggjarane på den kommunale web-sida.

### **Mål:**

Målsettinga er å implementere interaktive skjema til bruk for kommunen sine innbyggjarar, næringslivet og andre brukarar av kommunen sine tenester.

### **Status:**

KS-prosjektet er avslutta. Kommunen kom opp med ny portal innan 17. juli. Det vert kontinuerleg vurdert å ta i bruk fleire interaktive skjema.

## **10. Kvalitetslosen**

I samband med Stifinnarprogrammet var kommunen med å utvikle IKT-verktøyet Kvalitetslosen for å få eit elektronisk hjelpemiddel til kvalitetsdokumentasjon, avviksrapportering og kontroll med resultat av tiltak for kommunale tenester.

### **Mål:**

Skaffe eit elektronisk hjelpemiddel til kvalitetsdokumentasjon, avviksrapportering og kontroll med resultat av tiltak for kommunale tenester.

### **Mandat:**

Kvalitetslosen vart prioritert som investeringstiltak i IKT-planen for 2007.

### **Milepælsplan:**

1. Opplæring i kvalitetsmodulen 1. kvartal 2007.
2. Oppnemne prosjektleiar for innføring av Kvalitetslosen innan 01.07.2007.
3. Definere framdriftsplan innan 15.10.07.
4. Helse, pleie- og omsorg og sosial/barnevern skal vere komne i gang med prøvebruk av avvik/tiltak- modulen innan medio mars (før påske).
5. Dei andre avdelingane skal kome etter så snart som råd.
6. Alle avdelingane skal vere klar til å ta avvik/tiltak-modulen i bruk innan 1. mai.
7. Avdelingsleiarane syter for kvalitetkontroll av alle rutiner, prosedyrer, reglar, skjema m.m. som gjeld deira avdeling innan innan 01.07.08.

### **Måling/indikatorar**

Indikatorar: Kvalitetsdokumentasjon i Kvalitetslosen.

Bruken av avvik/tiltak- modulen.

Målemetode: Registrere dokumentasjon innlagt i Kvalitetslosen.

Registrere bruken av avvik/tiltak- modulen.

**Status:**

Avviksmodulen vart teken i bruk 01.01.09. Kommunen har kome godt i gang med dokumentasjonsmodulen. Alle avdelingane skal ha lagt inn dei viktigaste dokumenta og prosedyrene inn 1. juni 2009.

**11. Nærværsprosjektet**

Kommunen har vore IA-bedrift sidan 2003 og har i samarbeid med Arbeidslivssenteret arbeidd med ulike tiltak for å redusere sjukefråværet. Kommunen vil framleis ha fokus på tiltak som kan auke nærværprosenten.

**Mål:**

- Alle medarbeidarane skal oppleve Herøy kommune som ein god arbeidsplass der det er lagt til rette for trivsel og motivasjon i tråd med arbeidsgjevarpolitikken sine mål.
- Alle medarbeidarane skal utvikle arbeidsglede og stoltheit over eige og andre sitt arbeid og kommunen som arbeidsplass.
- Intern informasjon i samsvar med kommunen sin informasjons- og kommunikasjonsstrategi
- Kommunen skal vere effektiv når det gjeld tenesteproduksjon og internadministrasjon
- Sjukefråver som følgje av arbeidskonflikter skal ikkje forekome, og sjukefråveret skal reduserast med minst 10 % i høve 2007.
- Avgrense tidlegavgang: 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Minimum 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.
- Den administrative og politiske leinga, samt samarbeidspartar, skal oppfatte administrasjonen som kompetent på dei ulike tenesteområda

Konkrete mål for nærværprosenten og trivsel ved Stokksund skule og Distrikt II i Pleie og omsorg:

Stokksund Skule: 92 % i mars 08, stabilisere seg på 96 %

Distrikt II: 90 % i mars 08, stabilisere seg på 95 %

**Mandat**

Kommunen skal i samarbeid med andre kommunar i Kvalitetskommuneprosjektet vurdere ulike tiltak for å auke nærværprosenten, spesielt ved Stokksund skule og distrikt 2 i heimetenestene.

Prosjektgruppene kan oppnemne prosjektgrupper til å utgreie særskilte problemstillingar.

**Prosjektgruppe Distrikt II**

	Tittel	Namn	Avdeling/ fagforeining
Prosjektleiar	HVO	Per-Svenning Leine	
Sekretær	1 tilsetterepresentant		
Deltakrarar	1 arbeidsgjevarrepr.		

## **Prosjektgruppe Stokksund skule**

	Tittel	Namn	Avdeling/ fagforeining
Prosjektleiar	HVO	Per-Svenning Leine	
Sekretær	1 tilsettrepresentant		
Deltakarar	1 arbeidsgjevarrepr.		

### **Milepælsplan**

Innan 01.09.07 vert det oppretta eigne arbeidsgrupper ved Stokksund skule og ved distrikt 2 i heimetenestene som får som mandat å utarbeide og følgje opp ulike tiltak for å auke nærværsprosenten.

Prosjektgruppene får frist til 1. oktober med å kome med forslag til fokusområde for prosjektet.

Personalavdelinga får frist til 1. oktober med å opprette dokumentasjonsbase med oversikt over all dokumentasjon og verktøy som er utarbeidde og som finst gjennom NAV m.m.

Prosjektleiar utarbeider prosedyre for informasjon som vert lagt fram for styringsgruppa innan 1. oktober.

### **Måling/indikatorar**

Indikator: Sjukefråvær

Måling: Fråværsstatistikk

### **Status:**

Prosjektplan er utarbeidd og tiltak er sett i verk.

#### **Sjukefråvær Stokksund:**

1. kv 2007	16,6
1. kv 2008	10,6
2. kv 2007	15,7
2. kv 2008	8,7
3. kv 2007	5,7
3. kv 2008	2,8
4. kv 2007	9,9
4. kv 2008	6,1

#### **Sjukefråvær distrikt 2:**

1. kv 2007	14,7
1. kv 2008	12,8
2. kv 2007	24,8
2. kv 2008	11,9
3. kv 2007	14,7
3. kv 2008	11,9
4. kv 2007	7,1
4. kv 2008	9,2

### **12. Medarbeidarskap**

I 2006 vart det gjennomført LØFT-kurs for utvalde arbeidstakargrupper. Kursa fekk god tilbakemelding, og dette er opplæring som også vart prioritert i 2007.

I opplæringsplanen for 2007 var også medarbeidarskap eit sentralt tema.

### **Mål:**

Kommunen skal utvikle "ansvarleggjorde medarbeidarar" på alle plan.

### **Mandat**

Kommunen skal gjennomføre LØFT-kurs for leiarar og medarbeidarar.

Kommunen skal gjennomføre årlege medarbeidardagar for alle tilsette og for kommunestyret.

### Prosjektgruppe

	Tittel	Namn	Avdeling/fagforeining
Prosjektleiar	leiar	Anlaug Varhaugvik	Personal
Sekretær		Eli-Gunn H. Botn	Personal
Deltakarar	tillitsvald	Marit Lillestøl	Utdanningsforbundet
	tillitsvald	Ada Fjørtoft Kleppe	Fagforbundet
	tillitsvald	Randi K. Taklo	Sjukepleiarforbundet
	tillitsvald	Marie Bendal	Ergoterapiforbundet
	tillitsvald	Gerd Kopperstad	FO
	tillitsvald	Tore Langvatn	NITO
	tillitsvald	Merete Grunnan	KFO
	hovudverneombod	Per-Svenning Leine	

### Milepælsplan

I 2007 gjennomføre LØFT-kurs for leiarar og mellomleiarar.

Medarbeidardagar 19. og 20 september 2007

### Måling/indikatorar

Indikator: Tilfredse medarbeidarar

Måling: Medarbeidarundersøking

### Status:

LØFT-kursa og medarbeidardagane vart gjennomførde etter planen.

### 13. Fagdag i pleie- og omsorg.

Den 18.09.08 vart det gjort slikt vedtak i K- sak 127/08 :

1. Kommunestyret syner til K-sak 50/08 og vedtek å etablere ein prøveperiode med fagdag i eldreomsorga og for tenestene for utviklingshemma på inntil 2 år.
2. Kommunestyret legg vekt på følgjande forventa effekt av tiltaket:
  - Kompetanseheving
  - Betre koordinering og samhandling som igjen slår positivt ut på effektivitet
  - Implementering av IPLOS-registrering som arbeidsverkty
  - Auka trivsel og motivasjon
  - Auka nærværprosent
  - Godt omdøme og auka rekruttering
  - Auka tid med dagarbeid og auke i stillingsprosent
3. Kommunestyret vedtek som målsetting for tiltaket at det etter 1 år skal medføre:
  - Opplevd trivsel og motivasjon blant dei tilsette
  - Opplevd auka kompetanseutvikling hos dei tilsette
  - 20% auka nærver med forventing om auka målsetting dersom ordninga blir forlenga

4. Kommunestyret vedtek å innføre fagdag med verknad frå 1. oktober på følgjande avdelingar spesifisert på kostnader:

<b>KOSTNAD FAGDAG</b>	<b>Årsløn 306 000 pr. år</b>
ANSVAR	ST. DEL
3210 DISTRIKT 1	0,26 107 000
3220 DISTRIKT 2	0,39 160 000
3240 GRØN AVD.	0,48 197 000
3241 RAUD AVD.	0,50 205 000
3242 BLÅ AVD.	0,58 238 000
3245 GUL AVD.	0,31 127 000
3250/3020 MYRVÅG AVD. A	0,54 221 000
3250/3300 DISTRIKT 3	0,33 135 000
3252 MYRVÅG AVD. B	0,55 225 000
<b>Kostnader PO pr. år</b>	<b>1 615 000</b>

Det er laga ein felles kompetanseplan for alle avdelingane, med rom for avdelingsvise faglege behov. Det er gjennomført ei skalamåling for å finne eit nullpunkt før oppstart av fagdag. Dei fleste held på med tredje runde, og tilbakemeldingane er svært gode. Det er gjort avtale med Nasjonalt kompetansesenter for Aldring og Helse om at vi skal gjennomføre opplæring i studieopplegget "Demensens ABC" for nesten 150 tilsette. Dette vert eit kjempeløft for Herøy kommune, og praktisk og økonomisk får vi det til ved å legge det til fagdagane. Pleie – og omsorgsleiar skal halde innlegg om fagdag i Herøy kommune på Kvalitetskonferansen i Stavanger i februar. Tiltaket får positiv merksemd frå KS og fylkesleiinga i Norsk Sjukepleiarforbund.

Fosnavåg, 13.02.2009

Rune Sjurgard

Olaus-Jon Kopperstad